

► VITENGARDEN OG VITENFABRIKKEN Ny logo og nye namn på Jærmuseet sine anlegg i Sandnes og på Kvía!

Frå 16. oktober heiter Jærmuseet sitt anlegg på Kvía «VITENGARDEN», og anlegget vårt i Sandnes, tidlegare «Sandnes museum» heiter nå «VITENFABRIKKEN». Jærmuseet er framleis namnet på organisasjonen og stiftinga Jærmuseet. Saman med Science Circus, utgjer Vitengarden og Vitenfabrikken Jærmuseet sine vitensenteravdelingar, «Sørvestnorsk vitensenter». Vitengarden har ansvar for å formidla tema knytt til landskapet, mat og matproduksjon og dei grønne naturvitenskapane, medan Vitenfabrikken har eit særleg ansvar for regional industrihistorie, matematikk og astronomi. Science Circus er Jærmuseet sitt omreisande realfagstilbud eller «vitensenter på hjul». Den nye logoen er felles for alle anlegg som Jærmuseet har driftsansvaret for. I tillegg til Vitengarden og Vitenfabrikken gjeld det anlegga til Hå bygdemuseum, Gjesdal bygdemuseum, Klepp bygdemuseum og samlingane til Randaberg bygdemuseum.

Samtidig har Jærmuseet fått nye nettsider, sjå: www.jaermuseet.no

[Vitenfabrikken]:

► BYGGEARBEIDET ER I GANG

Nybygget til Vitenfabrikken i Sandnes skal stå ferdig i 2008, og grunnarbeidet

er allereie i gang. Sjølve bygget har ei kostnadsramme på 95 mill kroner, og denne finansieringsplanen er i boks. Staten bidrar med 45 mill., Rogaland fylkeskommune med 17 mill, Sandnes kommune med 25 mill + tomt, dei andre seks jærkommunane med tilsaman 4 mill. og Sparebank 1/SR-bank med 4 mill. SR-bank har dessutan gitt ytterlegare 6 mill. kroner i gåve til prosjektet. Men ennå manglar me pengar til å realisera eit planetarium som ikkje inngår i dei ordinære finansieringsplanane.

[Vitenfabrikken]: ► 100.000 KRONER FRÅ MARATHON OIL!

Vitenfabrikken har fått nok ei hyggeleg gåve. Denne gongen er det Marathon Oil som gir ein pen sum til prosjektet. Pengane skal nyttast til ein konkret interaktiv stasjon i inngangsområdet i nybygget.

[Vitenfabrikken]: ► STOR OPPSLUTNING OM FORSKINGSTORGET

Årets forskningstorg for Nord-Jæren blei opna i Stavanger 23. september og blei avslutta på Vitenfabrikken i Sandnes 28. – 30. september. Forskingstorget, som er ein del av dei landsomfattande Forskingdagane og Ingeniørdagane, skal fremja kunnskapen om og interessa for forskning. Lokale bedrifter, utdanningsinstitusjonar og ingeniørorganisasjonar hadde eigne boder der dei inviterte skuleelevar og publikum til å bli nærare kjent med

forskningsmetodar og ulike forskingsprosjekt. Torsdag og fredag var heile 900 tiendeklassingar og 60 lærarar frå heile Sør-Rogaland innom forskningstorget i Vitenfabrikken! Laurdag 30.09. var open dag for publikum, og 300 fann vegen til arrangementet. Kjempeflott avslutning med Tomas Dybdahl på Abelloftet!

Vinnarane av konkurransen «Leonardos challenge» i 2006 blei: Linn Wong. Gratulerar!

«Eg høyrer og eg gløymer, eg ser og eg hugsar, eg gjer og eg forstår» (Kinesisk ordtak)

[Vitengarden]: ► DANSANDE ROSINER, BALLONGAR OG BRUSFONTENER

I haustferien var det «kjøkkenkjemi» som stod på programmet på Vitengarden. Kan du få rosiner til å dansa i eit glas med farris? Kan du laga spennande kjemiexperiment med vanlege daglegvarer som eddik og bakepulver, brus eller Omo?

Oppslutninga om aktivitetane skulle tyda på at rekrutteringa til kjemifaget ikkje er heilt håplaus. Frå måndag til fredag var det heile 730 gjester som tok turen til Kvía, både SF0-grupper og foreldre eller besteforeldre med barn og barnebarn.

Følg arbeidet med byggeprosjektet på Vitenfabrikken på Stavanger Aftenblad sitt webkamera: <http://web3.aftenbladet.no/webkamera/article347256.ece>



Under Forskingdagane arrangerer Vitenfabrikken den utfordrande konkurransen «Leonardos challenge» kor dei besøkande skal bygga eigen musefellebil. Ungdommane viser stor entusiasme for oppgåva.



Til neste barneselskap treng du ikkje blåsa alle ballongane sjølv. Blandinga av natron og eddik (base og syre) lagar gassen karbondioksyd som får fart på ballongane.



[Vitengarden]:

➤ HUSFLID, TEKNOLOGI OG GEOLOGI

har trekt mykje folk til Vitengarden i haust. Over 500 gjester fann vegen hit på kvar av desse aktivitetssundagane. «Teknikkens dag», som har vore eit årvisst arrangement i mange år, er alltid mellom dei beste publikumsdagane våre. Dette året var det verdas raskaste bil, radiostyrte helikopter og reperbane som lokka både unge og gamle. «Husflidsdagen», i samarbeid med Jæren Husflidslag, har og blitt eit årleg arrangement. Og for andre år på rad var det eigen geologidag for steingalne i heile regionen.

➤ SCIENCE CIRCUS PÅ TURNE

Science Circus er Jærmuseet sitt «Viten-senter på hjul». Opplegget består av show, interaktive eksperiment i matema-tikk og naturfag, undervisning av elevar og kurs for lærarane. Alle elementa er



Gjer det vondt å stå på fakirstolen? Kva er det som skjer. Sjå www.jaermuseet.no/index.php/jaermuseet/science_circus

bygd opp etter hovudmåla i Kunnskaps-løftet. Eksperimenta og showet er opp-bygd som appetittvekkjarar med tanke på at elevane skal kjenne seg delaktige, kompetente, oppleve spenning, leike og prøve sjølv – og ikkje minst å få noko å lure på. Jærmuseet, eller «Sørvestnorsk vitensenter», har først og fremst ansvaret for vitensenterarbeidet i Rogaland og Agder-fylka. Men i september har vi lånt



Eirk T. Skretting har både steinauga og steinøyra. På «Geologiens dag» på Vitengarden 3. september var det eit stort og lydhøyrert publikum som fekk demonstrert og forklart koss ein skal kila stein.

både eksperimenta og Ivar Reed Nakken til Bergen Vitensenter for å gi eit vitensentertilbod til distriktskulane både i Hordaland og Sogn og Fjordane. NRK Hordaland og lokalavisene har hatt fine reportasjar frå turneen som og har gitt fin reklame for Jærmuseet. (Sjå www.jaermuseet.no). I oktober – desember besøker Science Circus ulike stader i Agderfylka i samarbeid med Agder Naturmuseum og botaniske hage og Vest-Agder og Aust-Agder fylkeskommunar.

➤ PLAST & KJEMI

– eit nytt Science Circus opplegg under utvikling.

Med støtte frå Utdanningsdirektoratet har Science Circus fått midlar til å gjennomføre eit pilotprosjekt i «Plast & kjemi» i Rogaland. I første omgang har vi fått 75000 kroner til prosjektet. Prosjektet er eit samarbeid mellom vitensentra i Sverige, Island, Danmark og Norge. Opplegget vil likne på Science Circus sitt noverande opplegg – eit omreisande vitensenter som besøker skulane og held show, har utstilling, undervisning og fleire ulike lærarkurs. Alt skal handle om kjemi og spesielt den kjemien som ligger bak plast. Opplegget blir fylt med kjekke, interaktive eksperimentar og aktivitetar.



Stine Beathe Grimsmo er noko skeptisk til om Jessica Svihus klarer å få skikkeleg mjøl når ho malar korn med handkvern.

[Limagarden]: ➤ «FRÅ KÅDDN TE KOMLA» PÅ LIMAGARDEN

Sesongen på Limagarden i Gjesdal blei avslutta med aktivitetssundag 1. oktober. Programmet for dagen var «Frå kåddn te komla», og var samtidig ein del av SPOR-prosjektet. Publikum fekk vera med og treska korn med Sesam treskeverk frå 1930-åra, hakka halm med gammaldags hakkmaskin og mala med handkvern. Og korn blir til mat. Sjølv sagt kunne ein smaka på både vassgraut, lappar og komla.

Hugs aktivitetssdagen på
VITENGARDEN 3. desember!

«Jul i gamle dagar.»

Sjå www.jaermuseet.no

*Kva skjer? 01: NOVEMBER 2006

Ansvarlig redaktør: Målfrid Snørteland
Innspelet kan sendes til: post@jaermuseet.no

Designmal: unniform